

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

Retningslinjer for honorering av eksterne sensorar ved Nord universitet

Denne versjonen erstattar tidlegare versjon, fastsett ved rektorvedtak 16/02707-5, dato: 19.12.18. Denne versjonen blir gjort gjeldande frå 30.03.2020

1. Lønsplassering

Honorering av ekstern sensor fastsetjast på grunnlag av satsar frå C-tabellen i Staten (bruttoløn 37,5 timar per veke), og følgjande er standard lønstrinn:

- Kompetansenivå t.o.m. universitetslektor: lønstrinn 64
- Kompetansenivå førstestilling: lønstrinn 71
- Kompetansenivå dosent/professor: lønstrinn 80

Krav om løn ut over gjevne lønstrinn må dokumenterast ved lønsslipp og avtalast i forkant av sensoroppdraget. Lønsvilkår endrast ikkje etter kontraktsinngåing.

Eksterne sensorar som kjem frå stillingar utanfor universitets- og høgskolesektoren setjast i lønstrinn 64. Ved førstestillings- og professorkompetane følgjer dei satsane for dette. I spesielle tilfelle kan det tilbydast høgare avlønning av eksterne. Grunngevinga for eventuelle høgare lønstrinn må dokumenterast.

1.1 Honorar/utbetaling

Avalen med ekstern sensor blir inngått på dei vilkåra som er nemnde i Folketrygdloven og Forvaltningsloven og godtgjerast med eit honorar. Honoraret reknast ut frå nemnde satsar, samt vektning i timetal. Som ekstern sensor er ein ein oppdragstakar, og det reknast dimed ikkje feriepengar eller pensjonsinnskott til Statens Pensjonskasse for desse oppdraga. Det er heller ikkje høve til å utbetale godtgjeringa for ekstern sensor som næringsinntekt/til firma.

2. Utrekning av godtgjering ved sensur

2.1 Grunnhonorar

Alle eksternt oppnemnde sensorar blir gjevne eit grunnhonorar på 4 timar, med unntak av sensorar for masteroppgåver og bacheloroppgåver. Grunnhonoraret dekkjer sensor sitt arbeid som oppgåvekonsulent, eksamensførebuing, forarbeid til elektronisk sensur, utarbeiding av grunngeving for vurdering, rapportskriving og liknande. Grunnhonoraret gjevast for kvar enkelt oppnemning og utbetalast uavhengig av talet på kandidatar.

2.2 Skriftleg eksamen med tilsyn (skoleeksamen)

Timetalet for sensur av skriftleg eksamen med bokstavkarakterar reknast ut etter følgjande satsar:

Sats	Kor lenge eksamen varar	Timar per svar
1	t.o.m. 4 timar	0,6
2	5 – t.o.m. 6 timar	1,0
3	7 timar og meir	1,2

2.3 Bestått/ikkje bestått

Om karakteren bestått/ikkje bestått brukast, godtgjerast 2/3 av utrekna tid. Dette gjeld for alle typar eksamen.

2.4. Heimeeksamen

Om heimeeksamen er gruppearbeid med 2 eller fleire kandidatar aukast satsen med 0,2.

Heimeeksamen godtgjerast etter følgjande satsar:

Kor lenge eksamen varar	Individuell eksamen	Gruppearbeid (2 eller fleire)
t.o.m. 4 timar	0,6	0,8
5 – 6 timar	0,8	1,0
7 timar – 1 full dag	1,0	1,2
1 – t.o.m. 5 dagar	1,2 timar	1,4 timar
6 – t.o.m. 7 dagar	1,4 timar	1,6 timar
8 dagar og lengre	1,8 timar	2 timar

2.5 Masteroppgåver

Talet på studiepoeng	Ein student pr. oppgåve *	To eller fleire pr. oppgåve *
t.o.m. 30 studiepoeng	8 timar	12 timar
t.o.m. 50 studiepoeng	10 timar	14 timar
t.o.m. 60 studiepoeng	12 timar	16 timar

*Satsane er baserte på å dekkje det samla arbeidsomfanget, og det gjevast difor ikkje grunnhonorar

2.6. Bacheloroppgåver

Talet på studiepoeng	Ein student pr. oppgåve *	To eller fleire pr. oppgåve *
t.o.m. 10 studiepoeng	3,0	4,0
t.o.m. 15 studiepoeng	4,0	5,0
20 studiepoeng eller meir	5,0	6,0

*Satsane er baserte på å dekkje det samla arbeidsomfanget, og det gjevast difor ikkje grunnhonorar

2.7 Andre skriftlege oppgåver

Talet på studiepoeng	Ein stud. pr. oppgåve *	To eller fleire pr. oppgåve *
t.o.m. 5 studiepoeng**	0,5 timar	0,8 timar
t.o.m. 10 studiepoeng**	1,0 time	1,5 timar
t.o.m. 15 studiepoeng**	1,5 timar	2,0 timar
t.o.m. 20 studiepoeng**	2,0 timar	3,0 timar
t.o.m. 30 studiepoeng**	3,0 timar	4,0 timar
t.o.m. 60 studiepoeng**	4,0 timar	5,0 timar

*Ved deleksamen reduserast timetalet som regel i høve til vekting av kvar enkelt del.

**I tillegg til studiepoeng kan det leggjast til grunn ei skjønsmessig vurdering for fastsetjing av honorar, basert på innhald og omfang for oppgåva.

2.8 Mappeevaluering/-eksamen

Ved mappeevaluering vurderast honorar ut frå innhaldet i mappa. Ulike delinnleveringar honorerast etter satsar for tilsvarende vurderingsform.

2.9 Praktisk/utøvande eksamen

Ein praktisk/utøvande eksamen er ein eksamen utan tilhøyrande skriftleg oppgåve. Praktisk/utøvande eksamen honorerast etter tid som har gått med på eksamensstaden. I tillegg gjevast eit grunnhonorar på 4 timar.

2.10 Munnleg eksamen

Munnleg eksamen honorerast etter tid gått med på eksamensstaden. I tillegg gjevast eit grunnhonorar på 4 timar.

2.10.1 Masteroppgåver

Ordinær munnleg eksaminasjon som del av arbeidet med karakterfastsetjing av masteroppgåver, honorerast med 1 time, og skal også inkludere eventuelt behov for særskilt førebuing av eksaminasjonen. Ved munnleg eksaminasjon som utførast på andre måtar, til dømes ved prøveføreling, gjevast honorar etter tid gått med på eksamensstaden.

2.11 Klagesensur

Klagesensur godtgjerast med grunnhonorar på 4 timar. I tillegg kjem ordinært honorar for sensurering av dei svara som er klaga inn.

Klage til tredjepart honorerast som klagesensur.

3. Reiserekning

Sensurar som må reise til eksamensstad i samband med sensoroppdrag får dekt reiserekning etter satsane til staten.